

Beredskapsplakat

Ein har gjennom fleire hendingar erfart at kommunikasjon og straum forsvinn over tid. Dette syner at vi har fått eit sårbart samfunn. Kommunen har sett i verk tiltak for å vere meir robust for komande hendingar. Kommunen vil legge ut informasjon på heimeside og facebook, og det vil bli sendt ut sms-varsel så lenge ein har nett-tilgang. Du kan lese meir om befolkningsvarsling på kommunen si heimeside, og sjekke om du er registrert.

Viktige telefonnummer i ein krisesituasjon:

Helse 113, Politi 112, Brann 110

Vakttelefon teknisk, tlf. 418 67 900

Kommunedirektør Karl Andre Birkhol, tlf. 941 66 992

Beredskap i heimen

Du er ein del av samfunnet sin beredskap. Det er viktig å vere førebudd på unormale situasjonar, og langvarig straumutfall kan vere eitt av dei mest utfordrande. Tenk gjennom ein slik situasjon, og sørg for at de har stearinlys, lommelykter med ekstra batteri, mat som står seg i 3-4 dagar, og stormkjøkken eller anna som de kan varme mat på. Få gode råd og tips på www.sikkerhverdag.no.

Når straum og telefon er ute over tid

I ein krisesituasjon der kommunikasjonen ramlar ut kan ein få informasjon og hjelp om ein tek **kontakt på omsorgsbustaden i Eidsdal, sjukeheimen i Valldal eller Stordalstunet.**

Satelittelefonar

Kommunen har fem satelittelefonar. Ein er plassert på omsorgsbustaden i Eidsdal, ein på sjukeheimen i Valldal, ein på Stordalstunet, ein på Overøye (Johan Arnt), og ein disponerer kriseleinga. I tillegg har nokre av brannbilane satelittelefon.

Nødnett

Røde Kors har fleire nødnetts-radioar. I tillegg til Røde Kors-huset har desse radioar: Robert Wollman - Fjørå, Knut Grønningsæter – Norddal og Nina Grønningsæter – Eidsdal.

Kontakt via jaktradio

Du kan ta kontakt med ein av desse om du ikkje kjem fram til kontaktpunkta i Eidsdal eller Valldal:

- **Valldal:** Hans Martin Gjedrem, Øyvind Grønning, Geir Arne Myren, Kristian Gjerde, Anders Jørgen Gjerde, Kåre Erstad, Ove Indreeide
- **Norddal:** Roy Meek
- **Eidsdal:** Leidulf Tafjord, Røde Kors huset
- **Fjørå:** Sveinung Ytterli, Leif Ytterli
- **Tafjord:** Lars Petter Tafjord

Det er viktig i ein slik situasjon at andre ikkje brukar kanal 2 til kommunikasjon. Vi håper at denne kanalen får vere «i fred» slik at viktig informasjon kan kome fram til rett mottakar.

Det er ikkje sett inn særskilte tiltak på Dyrkorn då der er ferdsmulegheiter i fleire retningar.